

Fyrverkeri-rekord også i Uskedalen?

01.01.2008



- Eg har levd mange år, men aldri har eg opplevd maken til fyrverkeri i Uskedalen, seier ein "innfødt" etter overgangen til 2008.

Dette er nok inntrykket også frå fleire bygder i Kvinnherad – og andre stader. Det verkar som om folk ville markera seg skikkeleg før dei strenge restriksjonane blir innført neste år.

Uskedalen.no gjev her att to av dei innsendte bileta vi har fått og som vart teke over bygda rundt midnatt.

Knut A. Myklebust er meister for det eine, som er teke frå Eikelandet, medan Kjell Magne Haugland har teke det andre – frå Stølen mot Brekketoppen.

